

MØTEBOK NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 28. mai 2026 kl 19.00 - 21.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Marit
Mat:	Reidun

«Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand»

Tilstades: Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Marit M. Romfog, Wenche Midttun, Olav J. Oma (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

Forfall: Roald Sangolt

SAKLISTE

2026/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent.

2026/25 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 16.04.2026

Vedtak: Godkjent.

2026/26 Leir Brandøy 18. – 20. september i lag med Stord sokneråd

Saksutgreiing: Nysæter sokneråd har fått spørsmål frå Stord sokneråd om å vere medarrangør for kyrkjelydsleir på Brandøy 18. – 20. september. Det er eit ynskje at soknerådet finn to personar som kan vere med i komiteen for kyrkjelydsleiren.

Vedtak: Nysæter sokneråd ynskjer å vere medarrangør i lag med Stord sokneråd på kyrkjelydsleir på Brandøy 18. – 20. september. Katrine Valvatne Kvernenes og Sigrid T. Langøy blir med i komiteen.

2026/27 Sokneråd og kyrkjevert gudstenester

Saksutgreiing: Det er behov for fleire kyrkjevertar ved gudstenestene. Det er komt forslag om at kvart soknerådsmedlem stiller på ein søndag kvar, eller har ansvar for å finne personar, i semesteret. Soknerådet tek stilling til dette, og kva tankar ein har rundt dette.

Vedtak: Soknerådet stiller seg bak dette. Wenche, Sigrid og Marit stiller som kyrkjevert ein eller to gongar pr semester.

2026/28 Gudstenesteplan og takkoffer haust 2026

Saksutgreiing: Vedlagt ligg gudsteneste og takkofferliste for hausten 2026.

Vedtak: Soknerådet godkjenner gudsteneste- og takkofferlista med endringar som kom fram i møtet. Ved minnegudstenesta vert dei som soknar til Nysæter lest opp.

2026/29 Rekneskapsoversikt

Saksutgreiing: Soknerådet går gjennom rekneskapet så langt i år, og ser om det er noko som det må setjast meir fokus på mm.

Drøfting: Vert teke til vitande.

2026/30 Evaluering gudstenester utanom kyrkjene, 17. mai, kvelds skjærtorsdag

Saksutgreiing: Soknerådet har hatt to friluftsgudstenester i vår, det har vore frukost 17. mai, kvelds skjærtorsdag, og kyrkjemiddag. Soknerådet tek ein runde på korleis dette har gått; nok folk, mengde arbeid mm.

Drøfting: **Skjærtorsdag:** Kjekt, men travelt. Forslag til neste år: deltakarane har med påleggsfat sjølv, kyrkja stiller med brød og drikke (som på 17. mai-frukosten). Må vere nok folk, og ha navn på folk som er med. Treng ikkje vere dei samme som lagar til som ryddar etterpå. **Kyrkjemiddag:** må vere bedre kommunikasjon mellom soknerådet og bedehuset, nok med to personar som lagar til middag.

MØTEBOK NYSÆTER SOKNERÅD

17. mai-frukost: veldig kjekt at korpset kom og åt frukost, fungerer veldig fint med frukost at folk har med seg påleggfat, 35 personar pluss korpset. Veldig kjekt. **Gruveparken:** Kjekt opplegg, veldig kjekt at speidarane og bålpanne/pinnebrød, kjekt at det var familiar og ungar med, huske stolar, litt arbeid med å rigge lydopplegget. Hadde med teltet frå kyrkjekontoret til å ha over lydanlegget-teltet er litt for stort. **Hustrudalen:** fint med forsongarar frå Sanctus, husk høgtalar neste gong/ men god lyd i Jørgen, veldig kjekt med turlaget, kjekt opplegg.

2026/31

Saksutgreiing:

Årshjul soknerådet

I løpet av året er det mange faste punkt som ligg til soknerådet sitt ansvarsområde. Mykje av dette er slikt som er vedteke av tidlegare sokneråd. Soknerådet gjekk gjennom årshjulet og vedtok å ha det som før.

Vedtak:

2026/32

Saksutgreiing:

Piano kyrkjerommet

Pianoet i kyrkjerommet er prega etter mykje og god bruk i over 30 år. Soknerådet har oppsparte midlar som kan brukast bl.a. til eit nytt piano. Meir informasjon i møtet.

Vedtak:

Saka utsatt til hausten pga manglande informasjon.

2026/33

Hekk ved minnestøtta utfor kyrkja

Minnestøtta over falne i andre verdskrig utfor kyrkja er delvis skjult av Rhododendron-hekken som har vakse seg utover. Soknerådet tek stilling til om hekken skal fjernast/gjerast mindre.

Vedtak:

Saka utsatt til hausten pga mangel på tid.

2026/34

Saksutgreiing:

Vedtak

Knefall alterring

Knefallet i alterringen er slitt fleire plassar, og det trengs å skiftast ut. Knefallet i alterringen må skiftast ut. Soknerådet ber fellesrådet ta tak i saka.

2026/35

Saksutgreiing:

Møteplan hausten 2026 for Nysæter sokneråd

AU føreslår desse datoane for våren:

SR: Torsdag 17. september	AU: Torsdag 20. august
SR: Torsdag 29. oktober	AU: Torsdag 15. oktober
SR: Torsdag 26. november	AU: Torsdag 12. november

Tidspunkt: 19.00 – 21.00

Tidspunkt: 18.00 – 19.00

Vedtak:

Soknerådet godkjente møteplanen for hausten 2026.

2026/36

Saksutgreiing:

Vedtak:

Ymse: Kul-høyring

KUL sentralt vil kome med ei høyring til sokneråda. Frist for uttale er 15.09.2026. Når høyringa kjem vil den bli sendt til soknerådet, soknerådet har ikkje møte før 17.09. Medlemane i soknerådet kan komme med uttale om dei ynskjer. AU behandlarr saka.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Brannvernrunde 2. juni kl 16.00
2. Lys kyrkjerommet; Tormod har laga teknisk beskrivelse, lys skal vere ferdig 1. september
3. Stordapride Leirvik 20.06.2026; ingen i soknerådet har anledning å vere med
4. Olav informerer frå det som skjer
5. 18-30 skal ha første møte i juni; tipse folk om å vere med
6. Det nye kjøleaggregatet er ferdig i bårhuset, preikestolen tilbake i bårhuset.

Neste møte: torsdag 17.09.2026

Opning: Wenche

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.